

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Alfred Honoré [mailto:diamias@gmail.com]

Sendt: 19. mars 2014 13:29

Til: Postmottak HOD

Emne: Høyring - reservasjonsordning for fastlegar

Eg vil med dette ytre mi bekymring overfor forslaget om fastlegar si rett til å reservere seg mot å tilvise til abort. Eg set opp difor fyljande liste over mine meiningar om kvifor eg er sterkt imot retten til fastlegar å reservere seg mot å tilvise til abort.

1. Fastlegen tilvisar ikkje, det er ei begjæring frå kvinna. Ein er berre plikta å gi informasjon.
2. Det er ukollegialt overfor andre legar.
3. Sluttresultatet blir det same, det berre trenerer ein prosess der ei kvinna har teke eit vanskeleg val og treng ikkje meir skuldkjensle enn det ho allereie har. "La den som er utan synd kaste den fyrste steinen" osv.
4. Det er ikkje ein abort-epidemi i Noreg. Tal frå SSB angir 12,9/1000 kvinner i alderen 15-49.
5. Ein kan ikkje skilje dette frå kvinnefrigjeringskamp, då dette er tydelig diskriminering av ei gruppe i befolkninga.
6. Abortlova har vore på plass før så å sei alle dei som er fastlegar nå starta på medisinstudiet. Dei visste at dette vart ein del av jobben då dei starta.
7. Kvar skal reservasjonsretten stoppe?
8. Om ein skal kunne reservere seg, må også driftstøtta frå NAV fråfalle og dei som reserverer seg drive som full privatbedrift.

Med Helsing

Dr. Alfred Honoré
Ole Landmarks Vei. 48
5053 Bergen
diamias@gmail.com